

# Utvikling av eit robust kvalitetssikkert fosterheimsarbeid i Hardanger- og Voss-regionen

Bakgrunn for prosjektet var å hindra utilsikta flyttingar, gjennom god rettleiing, kursing og systematisk oppfølging av både fosterheimar og foreldre. Ein ynskjer med dette interkommunale samarbeidsprosjektet å systematisera og byggja ut ein robust felles teneste.



Foto: Kari-Anne Kvestad

## Bakgrunn

Dette skal vera eit strukturert arbeidsverktøy for sakshandsaming i oppfølging av fosterforeldre, fosterbarn og biologiske foreldre. Prosjektet er i startfasen av utvikling av ein brukarmanual. Brukarmanualen vil vera eit dynamisk arbeidsverktøy som deltakarkommunane skal nytte, og gjera erfaringar av, fram mot ei ferdigstilling av dokumentet i løpet av 2023. Arbeidsgruppa i prosjektet har bestått av kontaktpersonar og familieterapeut i den kommunale barnevernstenesta, og familieterapeut ved familietenesta i det kommunale arbeidet.

I eit samfunnsøkonomisk perspektiv ligg det store mogelegheiter for at riktig hjelp tidleg, vil forhindra at barn og unge som lever under marginale omsorgsbasar fell utanfor skule, arbeidsliv og utviklar psykososial uheld. For desse barna er det avgjerande at kommunane har ei god tiltaksvifte med riktig kompetanse og verktøy slik at alvorleg omsorgssvikt vil bli arbeidd aktivt med i eit forebyggjande tiltak, der målet er at barna kan bli buande i sin biologiske heim.

## Målgruppe

Målet med denne strukturerte brukarmanualen er at det skal vera eit godt arbeidsdokument for kontaktpersonar i barnevernstenesta, uavhengig av kva kommune ein arbeider i. Den skal sikra lik oppfølging og ivaretaking av både fosterforeldre, fosterbarn og biologiske foreldre, og på denne måten kan vi og få lage ein god støtterigg rundt kontaktpersonane i barnevernstenesta. Gjennom strukturert rettleiing, kursing og systematisk oppfølging av både fosterheimar og biologiske foreldre, er målet å hindra utilsikta flyttingar som er i tråd med forebyggjande arbeid og tidleg innsats.

## Hovudmål

- Å utvikla gode rutinar i rekruttering av nye fosterheimar og vedlikehald av kompetanse hjå dei vi allereie har. Hindra utilsikta flyttingar for barna.
- Me skal arbeida for å få til felles samlingar for fosterforeldre og fosterbarn.
- Alle fosterforeldre får tilbod om kursa *Trygg base*, *Traumebevisst omsorg (TBO-F)* og *Emosjonfokuseret ferdighetstrening for foreldre (EFST)*.
- Me skal arbeida for å få til ei god oppfølging av biologiske foreldre som ikkje har barna hjå sin omsorgsbaser.
- Opprette gode rutinar for rettleiing, kursing og systematisk oppfølging av fosterforeldre, foreldre og besøksheimar.
- Opprette gode rutinar med rettleiing, oppfølging og rekruttering av støttekontaktar og tilsynspersonar.

## Kva skal vi utvikle?

- Våre sju delmål skal komprimerast inn i ein brukarmanual.
- Vi ynskjer at teamleiar jamleg gjennomgår punkta i brukarmanualen, og nyttar dette som eit verktøy ilag med kontaktpersonen.
- At vi i tenesta skal ha eit «Vi-perspektiv» og danna lag rundt familiane.
- At fosterforeldre og biologiske foreldre skal oppleve seg møtt og ivaretekne i den store oppgåva dei står i.
- At barna, både fosterbarn og biologiske barn, skal føle seg møtt og ivaretekne av barnevernstenesta.

Vil du vite meir?

Ta kontakt med:

Annette Dahle Hegle, prosjektleiar, e-post [annette.d.heggle@voss.herad.no](mailto:annette.d.heggle@voss.herad.no)

Elin Fossåen, barnevernleiar i vertskommunen e-post [elin.fossaaen@ullensvang.kommune.no](mailto:elin.fossaaen@ullensvang.kommune.no)

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom barnevernstenestene i Voss og Hardanger og ein del av Læringsnettverket for kommunal barnevernsteneste i Vestland. [Les meir om Læringsnettverket for barnevernstenestene i Vestland på nettsida i Statsforvaltaren](#)